



## Referat frå kommunemøte torsdag 8. oktober

Tema: Koronaberedskap

Deltakarar: Fylkesmannen, kommunane, Helse Fonna og Helse Bergen

Ikkje til stades: Aurland kommune, Austevoll kommune, Eidfjord kommune, Etne kommune, Gloppen kommune, Gulen kommune, Hyllestad kommune, Lærdal kommune, Masfjorden kommune, Samnanger kommune, Sveio kommune, Øygarden kommune og Årdal kommune

### 1. Neste møte

Nytt telefonmøte med kommunane er førstkomande **torsdag 15. oktober kl. 13.30**. Av praktiske årsaker ber vi om at kommunane ringer/koplar seg opp i møtet seinast klokka 13.20. Hugs å skrive namn på kommune/organisasjon i kommentarfeltet.

### 2. Hurtigestar

Hurtigestar for antigenpåvising er nyleg godkjent av WHO og regjeringa har så langt kjøpt inn 300 000 slike prøvesett. Desse kan nyttast til tidleg diagnostikk. Hurtigtestane har noko lågare sensitivitet og spesifisitet enn dei andre av dagens testar, men gir svar på 15 minutt. Prøven tas med nase-hals pensel, og kan nyttast når raskt svar er naudsynt.

Testane vil bli prioritert brukt der dei kan redusere dagens flaskehalsar. Det blir arbeidd med å avklare testens presisjon i ulike populasjonar og ein ser på korleis slik testing påverkar ein del forhold knytt til logistikk. Når dette er klart vil nasjonale myndigheter ta stilling til føringar/tilrådingar knytt til bruk og fordeling av testane. Helsedirektoratet har varsla at denne prosessen vil truleg ta nokre veker.

### 3. Vaksinering mot sesonginfluensa

Fastlegar som får vaksiner frå kommunen vil kunne få refusjon for utgifter knytt til gjennomføringa av vaksinering og skal ikkje ta meir enn 50 kr. i eigenandel, evt. gratis ved bruk av frikort. Det er berre fastlegar som er dekka av refusjonsordninga. Det vil si at viss kommunen vel å utføre vaksineringa i kommunal regi vil ikkje dei kunne søke tilsvarande refusjon. Kommunen kan såleis sette ein eigen pris for vaksinering viss dei gjennomfører denne i kommunal regi, men Helsedirektoratet oppmodar kommunane om å halde prisen låg slik at ein bidreg til at flest mogleg tek årets vaksine.

Vi har fått eit spørsmål om ekstra tilretteleggingstiltak i samband med pandemien for communal vaksinasjon vil kunne bli dekka som refusjon for kommunale utgifter knytt til pandemien. Helse- og omsorgsdepartementet har sagt at dei vil dekke kommunanes «ekstrakostnad til covid-19 handteringa». Det er samstundes slik at overføringa frå staten til kommunane sannsynlegvis vil skje som ei felles covid-19 kompensasjon, og ikkje spesifisert for enkeltoppgåver som influensavaksinering. Helsedirektoratet har difor sagt at dei ikkje kan gi nokon garant for spesifikk kostnadsdekking i samband med vaksinasjon.



For utfyllande informasjon frå Helsedirektoratet sjå her:

<https://www.helsedirektoratet.no/nyheter/vaksine-for-sesonginfluensa-billigere-for-risikogrupper#vaksinasjonikommunalregi>

#### **4. Rapportering i Vesuv**

FHI rapporterer om at dei trur det er ei underrapportering på utbrot i Vesuv. I møte med Fylkesmennene i går presiserte FHI at alle utbrot der meir enn ein person har testa positivt og der meir enn ein husstand er ramma skal varslast i Vesuv. Ved varsling i Vesuv får både Fylkesmannen og FHI beskjed om utbrotet.

#### **5. Retablering av marknaden**

Vi oppmodar alle kommunar om å følgje den nasjonale tilrådinga om å bestille smittevernustyr for 8 månader. Vi er kjent med at nokre kommunar tenkjer at det er tilstrekkeleg å bestille tre månaders forbruk. Grunna lang leveringstid er det ikkje sikkert at det vil vere tilstrekkeleg.

Vi er kjend med at nokre kommunar er bekymra for å bli sitjande att med ubrukt utstyr. Til dette viser vi til brev frå Helsedirektoratet datert 23. september kor det mellom anna står:

*«Om det viser seg at forbruket av smittevernustyr blir betydelig mindre enn det som estimeres, kan utstyret brukes i normal drift frem i tid. Med typisk 5 års holdbarhet er det liten risiko for kassasjon. Unntaket kan være åndedrettsvern (FFP2/FFP3/N95) siden dette brukes lite i normal drift. Kommunene må gjøre en egen vurdering av dette.»*

Vi forstår at det kan vere krevjande for kommunane både med omsyn til økonomi og logistikk. Det vil til dømes ikkje vere enkelt for alle å organisere eit slikt lager på eigehand. Vi oppmodar difor til interkommunale løysingar der dette er føremålstenleg.

Når det gjeld det økonomiske viser vi til brev datert 4. september frå ministrane Høie og Astrup om finansiering av TISK-strategien. I brevet forsikrar dei at regjeringa tek sikte på å dekke alle naudsynte kostnadane i kommunesektoren knytt til oppfølging av TISK-strategien og særskilte smitteverntiltak i 2020 og 2021. Regjeringa vil i november leggje fram eit tilleggsnummer til 2021-budsjettet med framlegg til løyingar for kommunesektoren i 2021.

#### **6. Mogleg å bestille time til koronatest på Helsenorge**

Helsenorge opnar grensesnittet sitt slik at kommunane kan tilby bestilling av tid til koronatest på Helsenorge. I den nye løysinga kan innbyggjarane bestille test, få prøvesvar og kople seg på fastlege ved behov.

For å kunne nytte løysinga må kommunane ha eit journalsystem som støtter integrasjon med Helsenorge for legevakt eller smittevern. Per september var dette systema CGM og Pridok. Kommunar som ønskjer aktivering av tenesta må kontakte sin journalleverandør og bestille aktivering av tenesta i helsenettet ved å kontakte Norsk helsenett sin kundeservice.

For meir info sjå her: <https://www.helsedirektoratet.no/nyheter/mulig-a-bestille-koronatest-pa-helsenorge>



## **7. E-læringskurst for helsepersonell som gjennomfører prøvetaking av covid-19**

Helsedirektoratet har fått tilbakemelding frå mange kommunar om knappheit på personell til å gjere prøvetaking ved covid-19. Noklus har difor utvikla eit nytt e-læringskurs om testing ved covid-19 for alle grupper helsepersonell.

Målgruppa for kurset er alle som skal gjere prøvetaking ved covid-19, med unntak av legar. Dette er fordi Noklus i juni publiserte eit eige e-læringskurs for allmennlegar, sjukeheimslegar og legar med smittevernonnoppgåver. Det nye kurset har òg ein del som har leiing som målgruppe, og som fortel meir om leiinga si rolle og ansvar knytt til testing for covid-19.

Brev frå Noklus om kurset ligg som vedlegg til referatet.

## **8. Ny tilskotsordning for tiltak knytt til heimeundervisning**

I revidert nasjonalbudsjett vart det løyva 80 millionar kroner til tiltak for å støtte kommunar med overgangen til digital undervisning. Utdanningsdirektoratet arbeider no med å lage retningslinjer for ordninga, men vi veit at målet ned ordninga er å legge til rette for digital heimeundervisning i samband med covid-19 og bidra utjamning av levekårsforskjellar der desse er til hinder for digital heimeundervisning.

## **9. Presisering frå Utdanningsdirektoratet om redusere opningstider og stenging av barnehagar og skular grunna fråvær av personell**

Barnehage- og skuleeigarar skal gi eit ordinært tilbod til alle elever og barnehageborn. Det er berre høve til å redusere opningstider eller ta ut barn eller elevar, dersom det er naudsynt for å oppfylle krav til smittevernfagleg forsvarleg drift.

Dersom verksemdene har stort fråvær blant tilsette grunna karantene eller symptom, må skule- og barnehageeigar sette inn vikarar. Dersom det ikkje er mogleg, kan ein ha redusert opningstid. Det er ikkje høve til å redusere tilbod ut frå ei økonomisk grunngjeving.

Det å bestemme redusert tilbod med heimel i covid-19-forskrifta ligg i utgangspunktet til kommunestyret. Det er opp til kommunestyret å vurdere om det er føremålstenleg å delegera denne myndigheita. I hastesaker kan kommunelegen utøve den myndigheita som kommunestyret har.

## **10. Webinar om TISK-øving torsdag 15. oktober**

Fylkesmannen har utarbeidd eit øvingsopplegg som vil bli delt med kommunane, med tanke på lokale øvingar. Øvingsopplegget er knytt til TISK-strategien (Testing Isolering Smittesporing Karantene) og er lagt opp som diskusjonsøving med tidsramme på om lag to og ein halv time. Øvingsopplegget legg særleg vekt på raskt å kunne starte arbeid med smittesporing for å slå ned lokale utbrot.

Vi trur at ei øving både vil bidra til å gjere kommunane tryggare i oppgåveutføringa og gje eit fagleg grunnlag for ein god prosedyre (tiltakskort) for smittesporing og anna arbeid med TISK, før det kjem eit utbrot.



I webinaret vil vi presentere øvingsopplegget og diskutere om og korleis kommunane konkret kan gjere seg nytte av det. Vi ønskjer òg å kunne bidra til å overføre erfaringar frå dei kommunane som allereie har vore gjennom eit eller fleire utbrot. Det vert såleis òg tema på møtet.

Informasjon og kalenderinnkalling med lenke til webinaret (Teams) vart sendt direkte til rådmann/kommunedirektør, kommuneoverlege/smittevernlege, beredskapskontakt og postmottak i kommunane måndag 5. oktober.

Viss de har spørsmål om webinaret kan de ta kontakt med Martin Fosse per e-post:  
[mfoss@fylkesmannen.no](mailto:mfoss@fylkesmannen.no) eller telefon 55 57 21 53.

## **11. Digital fagsamling**

Minner om frist for påmelding til digital fagsamling som skal gjennomførast tysdag 20. oktober er torsdag 15. oktober. Tema for samlinga av covid-19-pandemien.

Informasjon om samlinga og påmeldingsskjema finn de her:  
<https://www.fylkesmannen.no/nn/vestland/kurs-og-konferansar/2020/10/fagsamling-samfunnstryggleik-og-beredskap/>